



Stein Olav Sagstad
Drageneset 43
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3666 - 14/19022

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
02.12.2014

Gjeld søknad om oppføring av nytt våningshus på Moldekleiv

Syner til søknad stempla motteke 1.september 2014 med tillegg motteke 03.11.2014 der det er søkt om oppføring av nytt våningshus på gnr. 27 bnr. 2 Moldekleiv.

Etter råd frå oss vart de beden om å senda inn ein slik førespurnad for å få avklart om oppføring av nytt våningshus på bruket ville vera i samsvar med landbruksføremålet i kommunenplanen. Dette for å unngå at de laga ferdig ei komplett byggesak som de kunne risikere å få avslag på.

Det har vore gjort ei vurdering om de kunne føra opp eit nytt våningshus utan noko dispensasjon frå LNF-føremålet. Denne var planlagt fremja for Utval for drift og utvikling på møte 2.12.14 som ei prinsipiell drøfting. Grunnlaget for denne vurderinga var bygd på at det i søknaden stod at det ikkje var våningshus på bruket i dag. Som ein del av saksførebuinga til kommunen vart det henta fram frådelingssøknaden frå 2005 frå arkivet, og me vart då merksam på at det vart sett eit vilkår for delingingsløyve gitt til det gamle våningshuset. Der står det at delinga vert godkjent på vilkår av att eigendomen gnr. 27, bnr 116 vert føyd til gnr. 27, bnr. 2, og dermed vert å rekna som nytt våningshus på bruket. Me beklager at me ikkje oppdaga dette tidlegare, men stolte på det som var skrive i dykkar søknad.

Vilkåret er ikkje, etter det kommunen har kjennskap til, vorte følgt opp, og me ber difor om søkjar sin kommentar til dette.

For orden skuld kan me leggja til at i ei liknande sak frå Lindås kommune har fylkesmannen 16.09.2014 overprøvd kommunen sitt omdisponeringssvedtak. Grunngeving er at vilkår som vart sett i 1989 om at eit bustadhus som var frådelt skulle samanføyast, framleis var gyldig sjølv om ikkje samanføying var gjennomført. Ein måtte difor sjå på bruket som at det framleis var eit våningshus der. Dette vedtaket er påklaga og undersøkingar med andre landbruksjuristar hjå staten og i landet gjev ikkje noko eintydig svar på kva som er rett. Dersom kommunen legg dette til grunn er det er tale om bustadhus nr. 2 på bruket, vil det etter dagens praksis måtte søkja om dispensasjon frå kommuneplanen, då bruket si storleik og drift ikkje tilsei at det er trong for to hus.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen ynskjer difor dykkar kommentar på vilkåret.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Delingsvedtak frå 2005 på gbnr 27-2
Legg ved kopi av saksutgreinga frå 2005.

Kopi til:

Andreas Sagstad Berg
Regine Sagstad Berg

Mottakere:

Stein Olav Sagstad

Drageneset 43 5918

FREKHAUG